

Handsaming i Kommunestyret 02.11.2017:

Oppsummering av kommunestyredag med tema helse

2. november 2017 hadde kommunestyret møte i Vinjehuset med tema Helse- og omsorg. Helsesjef Kari Dalen innleia. Til stade frå administrasjonen var også plan- og økonomisjef Gry Åsne Aksvik. Etter innleiinga hadde kommunestyret gruppearbeid.

Nedafor fylgjer ei oppsummering av innspela frå dei 5 arbeidsgruppene. Nokon bord har ulike konklusjonar som fører til at nokon strekpunkt kan sjå motstridande ut. Det er ikkje gjort vedtak over dei ulike innspela, og alle er difor ført opp.

Nemnd ei 5 viktigaste tenesteområda i helse- og omsorg:

- Legevakt, store avstandar gjer det viktig å ha i eigen kommune. Tryggleik for innbyggjarar, liv og helse. Legedekning.
- Sjukeheim, kontroll over tenestene ved å ha dei i eigne kommune. Samt geografiske tilhøve. Viktig i høve til auka i talet på eldre 80+.
- Heimesjukepleie.
- Helsesystemteneste, viktig for ungdom, barn- og familie. Førebyggjande.
- Rus og psykiatri.
- Førebyggjande helsearbeid.
- Ambulanse og luftambulanse. Akuttberedskap.
- Jordmor.
- Fysioterapi.
- Psykolog.

Nemnd ei 5 områda de ser som laglege for interkommunalt samarbeid:

- Demensomsorg, demenslandsby. Samle demente i nye moderne senter med godt fagmiljø.
- Jordmortenesta, har samarbeid p.t.
- Fysioterapi og ergoterapi. Kan lage spesialteam som reiser rundt i kommunane.
- Kad-senger, har samarbeid med Tokke alt.
- Psykolog, har samarbeid på gang. Spesielt på barn og unge.
- Legevakt. Vurdere Tokke/Vinje/Kviteseid/Seljord
- Psykiatri og rus.
- Digitalisering.
- Legekontor Tokke/Vinje
- Førebygging som friskvern og friskliv.
- Pleie- og omsorgssenter.

- Helsesystemtenesta.
- Rekrutteringskontor.

Nemn dei 5 viktigaste områda det kan reduserast:

- Stenge Solheim, bruk omsorgsentra i større grad. Billigare å drive der.
- Gjennomgå alle vedtak i helsetenesta, og vere strengare.
- Meir bruk av friviljuge i pleie- omsorg.
- Bygge bueiningar nær omsorgsenter for å samle fleire av dei som treng helsetenester.
- Eit legekantor. Kva kan ein spare på samlokalisering?
- Større område for legevakt vil kutte kostnaden.
- Vurdere oppgåver som ikkje er lovpålagt.
- Kva kostar kjøkkendrift for helse- og omsorg?
- Vurdere talet på omsorgsenter.
- Organisering og administrasjon, månadleg rapportering til VOU/formannskap ned på detaljnivå.
- Opningstid legevakt.
- Vikarbruk – reduksjon. Tiltaksplan for å redusere vikarbruk.
- Plan for årsverkreduksjon i heile kommunen.

Helsesjefen opplyste om at:

- eininga har trong for ca. 10 kontorplassar til helseadministrasjonen dersom ein skal samle den. Arbeidet med oppfylging av kommunedelplan for Helse og omsorg startar opp, her er areal- og arealbehov framover sentralt.
- Det er ikkje realistisk å redusere talet på legar ved ei eventuell samlokalisering av legekantor. Samlokalisering vil kunne gje andre effektar i form av meir effektiv drift og reduserte kostnader knytt til hjelpepersonell, transportutgifter (blodprøver) , utstyr mv.
- Evt. Innsparingar bør ha som utgangspunkt reduksjon i kvantitet, ikkje kvalitet. (Helse og omsorgstenestene må fylgje forskrift om leiing og kvalitet i helse og omsorgstenestene)
- det er ynskje om at dersom ein skulle kutte i eininga, burde det kome kutt for økonomiplanperioden, slik at ein kunne jobbe med kutt over tid og ikkje berre frå eitt år til det neste.